

MØTEINNKALLING NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tirsdag 11. februar 2025 kl. 17.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Fridleif
Middag	

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades:, Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Fråver: Heine Kaldefoss, Guro Betten, Marit M. Romfog, Roald Sangolt, Wenche Midttun.

SAKLISTE

- 2025/1 - 212**
Vedtak: **Høyringsuttale 100% fast stilling som kyrkjelydspedagog, vedtak gjort i AU**
Fellesrådet v/kyrkjevevje har bedt soknerådet om uttale i samband med tilsetting av 60% stilling kyrkjelydspedagog. Nysæter sokneråd v/AU støttar innstillinga av Elisabeth Søndena Oma til fast stilling som kyrkjelydspedagog i Stord kyrkjelege fellesråd.
- 2025/2 - 012.1**
Vedtak: **Godkjenning av innkalling og sakliste.**
Godkjent.
- 2025/3 - 012.1**
Vedtak: **Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 28.11.2024**
Godkjent.
- 2025/4 - 273**
Saksutgreiing: **Evaluering etter Medarbeidersamling**
Me har ein runde og høyrer korleis det var på medarbeidersamlinga 9. januar. Er det noko me tenkjer var bra, kunne vore gjort annleis osv.
Vedtak: Kjekk kveld, kunne vore greitt med ulike spørsmål/forskjellige oppgåver som gruppene skulle presentere etterpå. Lang avstand til stor-skjermen gjorde at me ikkje såg presentasjonen tydeleg nok, kunne kanskje fått utdelt powerpointen på førehand. Veldig greitt å ha føredragshaldar på skjerm istadenfor personleg frammøte.
- 2025/5 - 217**
Saksutgreiing: **Kyrkjelydsleir Solgry 25.10.2025**
Nysæter sokneråd har fått spørsmål fra Stord sokneråd om me vil ha felles leir i år. Dei har satt opp ein leir 25.-27. oktober og spør om me vil vere medarrangør. Nysæter sokneråd gjorde vedtak 10.09.2024 at me ynskjer å vere med på dette. Sigrid blir med i komiteen fra Nysæter sokneråd.
Vedtak:
- 2025/6 - 411**
Saksutgreiing: **Lys-sandkasse**
Det er høve til å tenne lys i lysgloben i gudstenestene. Me ser at lysgloben ofte blir "full-tent", og det er komt ynskje om å kjøpe ein slik sandkasse som i Stord kyrkje til å tenne telys i. Bilde ligg vedlagt. Lyskassen vart kjøpt frå Savile Row I 2017, laga i Sverige, pris kr 12 000,- eks mva. Savile Row har ikkje lenger mulighet til å bestille den frå Sverige, men har eigen smed som evt kan lage den etter mål.
Vedtak: Soknerådet v/Reidun sjekkar ut om Savile Row kan lage lyskassen, pris mm. Soknerådet ynskjer at det i tillegg vert sjekka ut pris og mulighet hos Tors Smie på Fitjar. Bruke sub-en til dette bruket? Dette vert sak på eit seinare møte etter å ha innhenta pris.
- 2025/7 – 217** **Utvalet Frivillige og fellesskap**

MØTEINNKALLING NYSÆTER SOKNERÅD

- Saksutgreiing:** Dette utvalet vart oppretta i forrige soknerådsperiode. Pr i dag er utvalet ikkje aktivt. AU føreslår at utvalet vert lagt til sides inntil vidare.
- Vedtak:** Utvalet er inaktivt inntil vidare.
- 2025/8 - Saksutgreiing:** **Søknad om å leige Nysæter kyrkje**
Credo-kirken har sendt søknad om å få leige kyrkja kvar søndags-ettermiddag frå no av og eitt år fram i tid.
- Vedtak:** Nysæter sokneråd vedtek å ikkje leige Nysæter kyrkje ut til Credokirken kvar søndag i eitt år. Årsaka er at ein treng kyrkja til egne aktivitetar og kulturelle arrangement.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Budsjett 2024: Det har ikkje vore møte angående dette slik som det vart vedteke i forrige møte. Budsjettet er sendt til kommunen, det kan reviderast om det kjem endringar i møtet som var avtala rundt dette. Kjem som forslag til vedtak slik det er sett opp på neste møte.
2. Lys Vaken vert arrangert utan tilsette. Forslag til dato er 8.- 9. november.
3. Søndagsskulen i kyrkja. Har vore ein gong, sju barn, veldig kjekt.
4. Planleggingsdag for barnehage og skule: Samling i kyrkja for dei som var heime med barn. Sak på neste møte.
5. Kjetil Eldøy er nytt medlem i diakoniutvalet. Soknerådet spør om han og soknediakon Olaug informerer om arbeidet på soknerådsmøtet 15.05.
6. Kantor Bjarte kjem og informerer om arbeidet sitt på soknerådsmøtet 06.03.
7. Dato for basar vert 18. oktober. Reidun finn loddosal-plassar og datoar, og sender ut.
8. Årsmøte 06.04, årsmeldinga vert utarbeidd, og godkjent på mars-møtet.
9. Kyrkjemiddag 23.03, finne folk til å vere med.
10. Kvelds skjærtorsdag, soknerådet finn folk til å vere med. 17. mai frukost – finne folk til å vere med. Soknerådet har fått signal frå 17. mai-komiteen at det vert felles arrangement på ungdomsskulen, og at toget vil ende opp på ungdomsskulen i stadenfor ved kyrkja.
11. Kristi H.fartsdag – Hustrudalen: Turlaget stiller med lappekaker og kaffi.
12. Gruvene 11.05? Tog?
13. Fest i Vest siste helga i juni. Me har lydanlegget med frå kyrkja, sikre at Fest i Vest har litt straumopplegg igjen etter festen.
14. Kjersti Toppe var på besøk på «Etter skuletid», kjekt innslag i Sunnhordland.
15. Fridleif informerer frå staben: Snart fasteaksjonshelg fredag og lørdag før fasteaksjonen, og fasteaksjonen. Treng folk til dette. Manglar litt ressursar i staben.

Skriv, referat og meldingar

- Referat Stord sokneråd 27.11.2024
- Referat Stord sokneråd 23.01.2025
- Referat Fellesrådet 19.12.2024
- Referat Diakoniutvalet 27.01.2025

Viktige datoar 2025

- Årsmøte 6. april.
- Fasteaksjonen 8. april, soknerådet vert oppmoda til å bidra.
- 13. september - Medarbeiderdag i Nysæter kyrkje for stab og sokneråd kl. 10.00 – 17.00
- 18. oktober – kyrkjebasar.

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd:
Tid: 06.03.2025 kl 19.00-21.00 Stad: Nysæter kyrkje
Opning: Heine